



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Trygg tilknyting i barnehagen
Safe attachment in kinderkarten

Kandidatnummer 308

BLUBACH 2018/19

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag
Barnehagelærarutdanning

Rettleiar: Jannice Eikefet Berland

Innleveringsdato: 31.05. 2019

Tal ord: 9518

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Forord

Denne bacheloroppgåva er skriva i mitt avsluttande år på barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Prosessen har vore lang, men svært lærerik og spanande, og eg sit igjen med mykje ny og viktig kunnskap som eg er klar til å ta med vidare i det arbeidet eg skal ut i.

Eg ynskjer å takka Jannice for god hjelp og rettleiing gjennom denne prosessen. Du har vore støttande, kome med forslag og tips og fått meg til å reflektere og tenkje annleis. Eg vil også takka informantane mine som tok seg tid å dele sine erfaringar og som har gjeve meg eit lite innblikk i sin kvardag på småbarnsavdeling. Dykkar svar har bidrege til å løfte denne oppgåva.

Abstract

In my bachelor thesis, I have chosen to write about safe attachment, where I focus on the youngest children in the kindergarten. These children are in the age of 1-2 years old. With my topic question “Why is safe attachment important, and how does the educational leaders work to promote this with the youngest children in kindergarten?”, my goal was to find out how safe attachment early in life affects the further development. I also wanted to find out, through my informants, what they prioritize the first weeks of a toddlers stay in kindergarten and factors which helps the children to feel safe.

To figure this out I chose the qualitative method, and further interview three different educational leaders with experience from the toddler’s department, to collect empirical data. Through the interviews I had the opportunity to ask the questions I needed. This way I could discuss my main discoveries with relevant theories and at last summarize my thesis and answer the topic question.

Innholdsoversyn

1.0 Innleiing	6
1.1 Tema og bakgrunn.....	6
1.2 Oppgåva si oppbygging.....	6
1.3 Omgrepsavklaring	7
1.3.1 Dei yngste barna:.....	7
1.3.2 Tilknytning:.....	7
1.3.3 Pedagogisk leiar:	7
2.0 Teori	8
2.1 Tilknytningsteori	8
2.2.1 Trygg tilknytning:.....	9
2.2.2 Utrygg tilknytning:.....	10
2.2 Tryggleikssirkelen	11
2.3 Omsorg	11
2.4 Dei yngste barna i barnehagen	12
2.4.1 Tilvenning:	12
2.5 Pedagogiske leiarar som omsorgspersonar.....	14
2.5.1 Foreldresamarbeid:.....	15
2.6 Kva trygg tilknytning har å seie for vidare utvikling	15
3.0 Metode	17
3.1 Val av metode.....	17
3.2 Val av informantar.....	18
3.3 Mi førforståing	18
3.4 Etske omsyn	18
4.0 Presentasjon av funn	20
4.1 Refleksjon rundt trygg tilknytning	20
4.2 Den første tida til barnet i barnehagen	20
4.3 Foreldre ved levering.....	21
4.4 Danne gode relasjonar	21
4.5 Kjenneteikn på utrygge barn	22
5.0 Drøfting	23
5.1 Tilknytning og omsorg	23
5.2 Tilvenning og primærkontakt.....	24
5.3 Trygge foreldre gjev trygge barn.....	26
5.4 Danne gode relasjonar	27
5.5 Oppsummering av drøfting.....	28
6.0 Avslutning	29

7.0 Litteraturliste.....	30
Vedlegg 1: Samtykkeerklæring	31
Vedlegg 2: Intervjuguide.....	32

1.0 Innleiing

1.1 Tema og bakgrunn

Tilknytning og omsorg i barnehagen er eit spanande og viktig tema, og noko eg sjølv har vore bevisst på å observere når eg har vore i praksis. I oppgåva mi har eg vald å fokusere på dei yngste barna i alderen 1-2 år. Eg hadde lite erfaring med barnehagearbeid før eg byrja på studiet, men har gjennom desse tre åra fått mest erfaring frå småbarnsavdeling. Val av tema og alder vart derfor enkelt for meg, då eg i etterkant av gjennomført praksis ser viktigheita av tryggleik og tilknytning blant dei yngste barna. Barn byrjar tidlegare i barnehagen enn før, dermed treng dei vaksne som bidreg til tryggleik, trivsel og utforsking.

Tilknytning og omsorg er eit stort og vidt tema, og eg har derfor vald å vinkle meg inn på ei problemstilling som vil hjelpe til med å avgrense oppgåva mi. Problemstillinga eg har vald er «Kvifor er trygg tilknytning viktig, og korleis jobbar pedagogisk leiar med å fremje dette for dei yngste barna i barnehagen?». Utifrå denne problemstillinga vart det enklare for meg å velje ut det som eg tykkjer var viktig å få med i oppgåva. Dette var ei utfordring, då det finst så mykje spanande og viktig litteratur og teori om temaet eg har vald. Likevel føler eg at eg har klart å velje ut det som eg tykte passa best for mi oppgåve og problemstilling.

1.2 Oppgåva si oppbygging

Som nemnt vil eg ta føre meg temaet trygg tilknytning for dei yngste barna i barnehagen. I kapittel 2 vil eg presentere teori som er relevant for den problemstillinga eg har teke utgangspunkt i. Kapittel 3 er ein metodedel der eg skriv om val av metode og etiske omsyn i denne prosessen med å skrive oppgåva. I kapittel 4 vil eg leggje fram funna mine som eg tykkjer er dei mest relevante til å belyse mi problemstilling. Kapittel 5 er kapittelet der eg drøftar funna mine opp mot relevant teori. Det siste kapittelet, 6, er eit avsluttande kapittel der eg skriv litt om korleis prosessen med å skrive oppgåva har vore.

1.3 Omgrepsavklaring

I dette kapitlet vil eg presentere viktige og sentrale omgrep som er nyttige for oppgåva og å forstå kva det handlar om.

1.3.1 Dei yngste barna:

Omgrepet «dei yngste barna» vil bli brukt for å vise til barna mellom 1 og 2 år, då det er dei eg har fokus på i oppgåva mi.

1.3.2 Tilknytning:

Omgrepet tilknytning er oversett frå det engelske ordet *attachment*, som framhevar betydinga av noko mindre som heng saman med og er avhengig av noko større. Teorien handlar også om samspelet mellom tilknytning og omsorg. Dette samspelet omfattar foreldra sine, eller ein anna omsorgsperson si vilje og evne til å støtte barnet sitt behov. Eit barn har behov for å få beskyttelse, trøyst og tryggleik i utsette situasjonar og for å få utforske verda (Broberg, Hagström & Broberg, 2014, s. 34).

1.3.3 Pedagogisk leiar:

I Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver står det at «pedagogisk leder er gitt ansvaret for å iverksette og lede det pedagogiske arbeidet, i tråd me godt fagleg skjønn» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 16). Den pedagogiske leiare skal også sørge for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylt gjennom det pedagogiske arbeidet. Vidare står det at den pedagogiske leiaren skal leia arbeidet med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon, vurdering og utvikling (Udir, 2017, s. 16).

2.0 Teori

Tal frå 2018 viser at 83,5% av barn i alderen 1-2 år har barnehageplass (Statistisk sentralbyrå, 2016). Desse barna tilbringar store delar av dagen sin i barnehagen, og det er derfor viktig at dei har omsorgspersonar som ser dei og som dekkjer deira behov i løpet av dagen. Sidan så mange av dei yngste barna går i barnehagen i dag, må ein vere opptekne av å sikre eit godt barnehagetilbod som også er tilpassa behova til desse yngste barna (Drugli, 2014, s. 10).

Barnehagen blir i dag sett på som ein lærande organisasjon og ein plass der barna blir levert når mor og far skal på jobb. Eit barn er noko av det kjæraste foreldre har, og det er dermed viktig at dei som jobbar i barnehagen og som barnet møter kvar dag, er der for barnet når foreldra ikkje er til stades. Foreldre har framleis hovudansvaret for omsorga til sine egne barn, men barnehagen vil kome inn som eit supplement (Broberg, et al., 2014, s. 24).

2.1 Tilknytningsteori

Innanfor tilknytningsteorien er det fleire viktige personar som seier noko om tilknytning, men eg har vald å fokusere på to av dei, John Bowlby og Mary Ainsworth. Eg vil dermed vidare i denne oppgåva kort leggje fram teorien deira, og korleis det har samanheng med tilknytning i barnehagen.

John Bowlby blir kalla for tilknytningsteoriens opphavsmann og var utdanna psykoanalytikar (Broberg et.al., 2014, s. 34). Han er kjend for omgrepet trygg base og var den første som brukte tilknytning som omgrep for å forstå kva det psykologiske forholdet mellom omsorgsgjevarar og barnet hadde å sei for den vidare utviklinga til barnet (Askland & Sataøen, 2014, s. 64). Blant anna separasjonar, vanskjøtsel og forsøming tidleg i livet kan få konsekvensar seinare (Broberg et al., 2014, s. 34).

Ifølgje Bowlby treng barn ein person som er kontinuerleg i samhandling med barnet dei første levemånadane. Det vil vere ein fordel at det er den same personen slik at barnet kjenner igjen samspel mønsteret. Eit barn kan skilje dei samspelerfaringane det har med mor, frå dei det har med far eller andre nære personar. På grunnlag av desse erfaringane vil barnet danne indre modellar, som styrer dei forventningane barnet har til seg sjølv og omgivingane. Barnet vil gjennom spegling av omsorgspersonen sitt emosjonelle engasjement få ei oppfatning av seg sjølv, og det vil erfare omsorgspersonen sine positive

og negative sider som gjer strukturen i den indre modellen meir kompleks. Den indre modellen handlar om korleis barn vil ta initiativ i relasjonar, og dei kan bruke desse modellane seinare i livet som utgangspunkt for tilknytning til andre (Askland & Sataøen, 2014, s. 65).

Mary Ainsworth er den andre av tilknytningsteorien to forgrunnsfigurar. Ho studerte psykologi og vart etter ei avisannonse der Bowlby søkte medarbeidar til eit forskingsprosjekt, samarbeidspartnar med Bowlby. Bowlby og Ainsworth delte interessa for kva som styrte barns utvikling mot god eller dårleg helse, noko som var byrjinga på eit 40-års langt samarbeid (Broberg et al., 2014, s. 35).

Ainsworth har utvikla to omgrep, trygg og utrygg tilknytning. Ho meina at desse mønstra representera barnet sin respons på den omsorgsstilen som foreldre utviser ovanfor det, der tilknytninga er eit uttrykk for barnet si tilpassing i omsorgssituasjonen sin. Hensikta med tilknytingsåtferda er å redusere opplevinga av stress i situasjonar der dette oppstår (Drugli, 2014, s. 27).

2.2.1 Trygg tilknytning:

For at eit barn skal kjenne seg trygge i barnehagen og med omsorgspersonane, må ein som vaksen vere merksame på kva barnet føler og kva dei treng, det vil seie at eit barn må bli forstått innanfrå. Det er først då me kan møte dei på ein måte som dei kjenner seg igjen i (Brandztæg, Torsteinson & Øisetad, 2014, s. 24). Brandztæg (et al., 2014, s. 24) meina at emosjonell tryggleik er indre ro og fråvær av stress og ubehag. Tryggleik oppstår når ein blir forstått og teken på alvor.

Vidare blir omgrepet tilknytning definert som «det kjenslefarga bandet», eit emosjonelt band, som knyter barnet til ein eller fleire personar» (Askland & Sataøen, 2014, s. 61). Det er mor og far som er dei primære omsorgspersonane, men når barnet byrjar i barnehagen treng dei omsorgspersonar som er til stades når foreldra ikkje er det. Det vil seie at heime er det foreldra som er den trygge basen, medan i barnehagen vil dette vere tilsette (Askland & Sataøen, 2014, s. 59). Barn søker både tryggleik og utforsking, og trygg tilknytning handlar om å balansere desse ulike behova i arbeidet med dei yngste barna (Broberg et al., 2014, s. 7).

Eit barn med trygg tilknytning vil vise at dei stolar på at omsorgspersonen er tilgjengeleg for dei, og at dei vil få den trøysta dei har behov for. Smith (2002) referert i Drugli (2014,

s. 27) meina at kvaliteten på samspelet mellom barn og omsorgsgjevar vil avgjere om omsorga mellom partane vil utvikle seg til å bli trygg eller utrygg. For at trygg tilknytning skal bli etablert, må barnet ha gjentekne erfaringar over tid med sensitiv omsorg frå omsorgspersonen si side, og at denne omsorgspersonen fungera som ein trygg base for barnet. Det sentrale med trygg tilknytning er at relasjonen mellom barnet og omsorgspersonen er såpass trygg at omsorgspersonen har respekt for barnet og skjønar når det ynskjer å vere uavhengig og autonom, samstundes som at omsorgspersonen skal ha forståing for at barnet treng omsorg og er der som ei trygg hamn når barnet vender tilbake (Drugli, 2014, s. 27).

2.2.2 Utrygg tilknytning:

Barn har eit stressnivå som er avhengig av at dei har trygg tilknytning i barnehagen. Som nemnt var Ainsworth oppteken av at opplevinga av stress skulle bli redusert i situasjonar der det oppstår. For eit barn med trygg tilknytning vil dette stressnivået vere avhengig av om foreldra er til stades eller ikkje, ettersom at det er dei som er den trygge basen og trygge hamna som barna vender tilbake til. Barn med trygg tilknytning reagera ofte meir når dei blir forlaten den første gongen, og har eit høgare stressnivå. Det kan vere fordi dei har erfaring med ei rask gjenforeining, så det er det dei forventar. Når dette ikkje skjer kan dei reagere med gråt og sinne (Broberg et al., 2018, s. 33).

Eit barn med utrygg tilknytning kan, i motsetning til barn med trygg tilknytning, sjå rolege ut sjølv om dei har eit høgt nivå av stresshormon i kroppen. Desse barna har ofte problem med å finne roen og er rastlause. Dei har lært seg å leggje eit band på kjenslene sine, noko som kan kome av at kjensleuttrykk ikkje pleier å føre til at dei får det dei treng. Dei kan vere tilsynelatande rolege utetter, men kan likevel gå rundt med høgt stressnivå inni seg (Broberg et al., 2018, s. 33).

Det er dei vaksne som har ansvar for kvaliteten på relasjonen, då dei har meir kunnskap, erfaring og er meir moden enn barnet. Dette blir kalla ein asymmetrisk relasjon, der ein ikkje har likt ansvar for kva som skjer mellom oss. Barn treng alltid å kjenne på at vaksne er større, sterkare, klokare og gode, og dersom ikkje barnet opplever dette, vil det auke utryggleiken deira (Brandztæg et al., 2014, s. 89-90).

2.2 Tryggleikssirkelen

I barnehagen kan tryggleikssirkelen vere eit viktig hjelpemiddel for dei vaksne for korleis ein kan forstå tryggleik og tilknytning hos barn. Tryggleikssirkelen byggjer på mange års forskning omkring tilknytning og viser oss korleis dei grunnleggjande behova heng saman (Brandztæg et al., 2014, s. 18). Denne sirkelen byggjer også på tilknytningsteorien, deriblant John Bowlby og Mary Ainsworth.

Sirkelen illustrera to hender, der den eine handa representera ein trygg base og den andre ei trygg hamn. Den trygge hamna ligg nedst i sirkelen, og det er der me ser barnet si avhengigheit og behovet for beskyttelse, altså behovet for tilknytning. Her er den trygge vaksne ei hamn som barnet kan få hjelp, trøyst og nærleik av når det behovet kjem. Den handa som er øvst illustrera ein vaksne som vil fungera som ein trygg base for barnet si utforsking (Brandztæg et al, 2014, s.18-19). Ein trygg base gjev barnet den kjensla av tryggleik dei treng for å gje seg hen til nysgjerrigheita og behovet for å utforske (Broberg et al., 2014, s. 49). Barn er nysgjerrig, det vil dermed vere naturleg for eit barn å søke og utforske. Tryggleikssirkelen handlar om at barnet må ha ein trygg base som utgangspunkt når det skal ut å utforske, men like viktig er det å ha ei trygg hamn å kome tilbake til når noko blir utfordrande. For at barnet skal tørre å bevege seg ut på nye farvatn, treng dei ein person dei kan kome tilbake til, nettopp denne trygge hamna. Dei treng ein vaksen som er der for dei, og som ser behovet deira. Ein vaksen som gjev trøyst om noko er gale og som dei er trygge på den tida foreldra ikkje er til stades. Den trygge hamna blir som ein ladeplass der barnet kan lade, før barnet er klar for å reise ut og utforske igjen (Brandztæg et al., 2014, s. 29).

For å få ei større forståing for kva tryggleikssirkelen er, kan den samanliknast med ei lampe som treng lys. Når lampen blir satt i og lyset tent, vil det vere det same som at barnet opplev at den vaksne ser, forstår og gleda seg over det, og barnet vil føle seg vel og glad. «Barnets hjerne er en lampe, tilknytning er at kontakten settes i» (Brandztæg et al., 2014, s. 19).

2.3 Omsorg

Omsorg er eit vidt omgrep, og det kan vere vanskeleg å definere kva det er. Omsorg i barnehagen er nødvendig for at barna skal oppleve trivsel og tilhøyrslse. Det er dei vaksne sitt ansvar å sørge for at dette blir følgt opp og at barna kjenner seg trygge i barnehagen. Trygge, vaksne omsorgspersonar er ein føresetnad for at dei minste barna dannar gode

relasjonar til dei vaksne som jobbar i barnehagen. «En omsorgsrelasjon består av deltakere der begge bidrar og er aktive parter, og hvor forholdet mellom dem kjennetegnes av særlige kvaliteter som begge anerkjenner som omsorg» (Tholin, 2013, s. 20).

Omsorg som allmennmenneskeleg fenomen kan vere motivert frå eit eige ynskje om å ta vare på og sørgje for at andre menneske som me er knytt til har det bra. Det treng ikkje nødvendigvis vere menneske me kjenner, men også andre tilfeldige personar som me møter på. Omsorg handla om å bry seg om andre og vise sympati. Løvlie (1990) referert i (Tholin, 2013, s. 18) framhevar at ein kjenner på eit ynskje om å ivareta andre sitt behov for omsorg frå det indre og subjektive perspektivet.

2.4 Dei yngste barna i barnehagen

I oppgåva mi er hovudfokuset på dei yngste barna i barnehagen, nemleg barna i eitt- og toårsalderen. På fagspråk blir barna i denne alderen kalla «toddler» som tyder smårolling eller småbarn, og ordet oppmodar barnet sin måte å gå på. Dei fleste barn i denne alderen lærer seg å gå, dermed ser Løkken (1996, s. 16) på denne nemninga som det mest dekkjande for det som er mest typisk barn i eittårsalderen, dei stabbar og går.

Det som er viktig å få fram med dei yngste barna er at dei er til stades i verda med kroppen, sjølv om dei ikkje har utvikla språket sitt i den grad at me skjønar kva dei seier. For at ein skal forstå og sjå barnet i denne alderen er det dermed viktig at me rettar merksemda vår mot kroppsspråket deira og det dei prøver å uttrykkje gjennom kroppen (Løkken, 1996, s. 17). Eit kjend fenomen blant dei yngste barna i barnehagen er imitasjon, der dei etterliknar andre. Imitasjon kan bli sett på som den mest grunnleggjande og typiske måten små barn utviklar sine relasjonar og knyter seg til andre barn på (Løkken, 1996, s. 22)

Berit Bae er ein av dei som har framheva betydninga av å forhalda seg til barn som subjekt. Ifølgje Bae (2004) referert i Tholin (2013, s. 86) inneber det å møte eit barn som subjekt å anerkjenne individets rettar i forhold til opplevingsverda.

2.4.1 Tilvenning:

Å byrje i barnehagen kan vere ein brå overgang for dei yngste barna. Det er noko som er heilt nytt og kan verke overveldande i byrjinga. I Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver står det «Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen» (Udir, 2017, 33). Dermed er det viktig at

barnehagen har gode rutinar på korleis dei møter nye barn. Vidare i Rammeplanen står det at personalet skal sørge for tett oppfølging den første tida. Dette er for at barnet skal oppleve tilhørsle og tryggleik til å leike, utforske og lære. Barn vil møte ukjende vaksne som dei ikkje har noko kjennskap til og som dei må forhalda seg til i tida framover. I tillegg er ikkje nervesystemet til eit barn ferdig utvikla, og dei vil bli mykje meir urolege av ein slik overgangssituasjon (Brandztæg et al., 2014, s. 100).

Nye barn i barnehagen går gjennom ein tilvenningsperiode, der hensikta med tilvenning er tredelt. For det første er hensikta å venne barnet til det nye miljøet. For det andre skal barnehagen gje barnet anledning til å bli kjend med minst ein barnehagelærer godt nok til at denne skal kunne erstatte foreldra den tida barnet tilbringar i barnehagen. For det tredje er hensikta å venne barnet til å klare seg i fleire timar utan foreldra, samt at barnet i staden for skal nytte seg av barnehagelæraren som ein trygg person for å kunne egne seg til leik, utforsking og læring (Broberg, 2018, s. 31). Ein eittåring har lite livserfaring og dei har færre opplevingar av at foreldra går og kjem tilbake, og at det kan gå bra å bli teken hand om av nokon andre medan foreldra er vekke. Ein anna viktig forskjell mellom små og litt større barn er tidsperspektivet og hukommelsen deira. Barn i eitt- til toårsalderen har vanskeleg for å hugse over lenger tid at ting som ikkje visast, likevel finst. Dei held på å tileigne seg forståinga av at ting som forsvinn, kan kome tilbake igjen. Dermed vil barn i denne alderen oppleve eit par timar vekke frå foreldra som ei veldig lang tid, og dei treng gjentekne erfaringar med at foreldra går og kjem tilbake for å forstå at foreldra verkeleg kjem tilbake (Broberg et al., 2014, s. 130).

Nokre barn trivest i barnehagen frå første stund, medan for andre barn blir overgangen frå heim til barnehage vanskeleg. Det tek tid og det er krevjande å bli heilt trygg på den nye kvardagen deira, der dei skal lære å kjenne både dei andre barna og dei vaksne. Her er det viktig å følgje barnet sitt behov og ta utgangspunkt i kva som er det beste for kvart enkelt barn (Brandztæg et al, 2014, s. 101). For at ein vaksen i barnehagen skal kunne gje trøyst til eit barn, er det nødvendig at barnet kjenner tillit til den vaksne. Å byggje opp tillit tek tid og er avhengig av positive erfaringar med å få trøyst, derfor er tilvenning viktig (Broberg et al., 2014, s. 65).

I dag har dei fleste barnehagar primærkontaktar som har eit særleg ansvar for nokre av barna på avdelinga, og som brukar mykje tid i lag med barna i tilvenningstida. Primærkontaktmodellen blei innført i fleire norske barnehagar i 1990-åra. Dette var for å

sikre nære relasjonar mellom personalet og barn i barnehagen. Ein av dei som var med på å utvikle ideen om at barn bør ha primærkontakt var Lene Lind frå Danmark (Drugli, 2014, s. 113). Mykje av hennar tenking er forankra i tilknytningsteorien, deriblant John Bowlby og Mary Ainsworth.

2.5 Pedagogiske leiarar som omsorgspersonar

Det viktigaste pedagogiske leiarar kan gjere for dei yngste er å sørge for at barnehagen er ein plass der barna føler seg trygge, og at barna sitt behov for å ha foreldra der for trøyst og beskyttelse blir aktivisert minst mogleg. Dei tilsette må ta seg tid til og interessere seg for å utvikle relasjonar til barna. Det er også dei som har moglegheita til å gjere dette. Dei skal fungere som ein vikarierende tilknytingsperson i fråværet av mor og far (Broberg, 2018, s. 33).

Utifrå tryggleikssirkelen skal den vaksne alltid vere større, sterkare, klokare og god. For at barn skal kjenne seg trygge er det viktig at dei vaksne i barnehagen framstår som større på den måten at dei har kontroll over situasjonen, klarar å ta leiinga og forberede barna på best mogleg måte. Det er grunnleggjande for eit barn å kjenne at nokon er sterke og klarar å beskytte barnet fysisk sett, noko som også handlar om det kjenslemessige. Barn blir lettare stressa, forvirra og redd fordi dei forstår mindre av seg sjølv og verda, då nervesystemet deira ikkje er fullt utvikla. Då er det viktig at dei har ein vaksen som er sterkare enn dei kjenslemessig. I tillegg treng barn vaksne som er klokare, og som forstår meir enn dei sjølve. Barn treng ofte forklaringar på kvifor ting er som dei er, og når dei har ein vaksen som kan forklare kva som skjer vil dette bidra til tryggleik. Ein vaksen person klarar å setje ord på reaksjonane til eit barn, deretter å forklare dette til barnet. På den måten vil barnet forstå meir av kvifor det reagerte slik det gjorde og roe seg raskare (Brandtæg et al, 2014, 2. 43).

Som vaksen har ein moglegheit til å vurdere når det er mogleg og ynskjeleg å følgje barnet sitt behov, samstundes som ein må vite når ein skal ta tak og setje grenser (Brandtæg et al., 2014, s.40). Trygge ramme og tydelege grenser er heilt nødvendig for å ivareta barnas fysiske og psykiske tryggleik, men grenser er eit verktøy og ikkje eit mål i seg sjølv. For den vaksne handlar grensesetjing om å finne balansen mellom å vere større, sterkare og klokare og god. Ein må kunne sjå seg sjølv utanfrå og bevare godheita, sjølv om eit barn provosera og gjer ting ein ikkje likar. Det kan til dømes vere vaksne som er stor og sterk, men ikkje god, medan andre er god, men klarar ikkje setje like tydelege grenser for barnet

og framstår som svak (Brandztæg et al., 2014, s. 47). «En gjensidig positiv relasjon mellom vaksne og barn legger grunnlaget for samvittighetsfølelser og barnets evne til å regulere egne impulser» (Broberg et al., 2014, s. 76). Det vil seie at det vil vere lettare for eit barn å regulera egne impulsar dersom barnet kjenner seg trygg på at den vaksne vil det vel, enn når barnet ikkje kjenner seg likt og respektert.

2.5.1 Foreldresamarbeid:

I rammeplanen står det nedskrive at «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Udir, 2017, s. 29). Vidare står det at samarbeidet alltid skal ha barnets beste som mål og at både foreldre og tilsette har ansvar for trivselen og utviklinga til barnet (Udir, 2017, s. 29). Det er ein føresetnad at barnehagepersonalet har utvikla haldningar, respekt og forståing for at foreldre er forskjellige for at eit godt foreldresamarbeid skal oppstå. Samstundes er det viktig å sjå på foreldra som ressurspersonar for barna sine (Glaser, 2018, s. 17).

2.6 Kva trygg tilknytning har å seie for vidare utvikling

I rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver står det at «Barnehagen skal ha en helsefremmende og forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller» (Udir, 2017, s. 11). Vidare står det at barna si fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Det blir også nemnt at barnehagen har ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om barna si omsorgs- og livssituasjon. Dette er viktig for at barnehagen skal ha moglegheit til å kunne tilby barna hjelp frå tidleg alder og førebyggje seinskadar. Utifrå dette kan ein forstå at barn treng omsorg og tilknytning frå tidleg av, og at tilknytingsrelasjonen med dei vaksne i barnehagen kan ha noko å seie for tilknytingsrelasjonar seinare i livet.

Teorien om tilknytning hevda at behovet for relasjonar hos dei yngste barna er like viktig som behovet for mat og drikke – altså vil tilknytning vere eit grunnleggjande behov (Askland & Sataøen, 2014, s. 58). Som nemnt i kapittel 2.1 om tilknytningsteori, er dei indre modellane som Bowlby snakkar om, avgjerande for korleis barn dannar relasjonar seinare i livet. Dermed vil positive opplevingar med relasjonar tidleg i livet gjere det lettare for barn å utvikle relasjonar med andre seinare. Tilknytning har ei utviklingslinje som varar livet ut og når barn blir eldre vil dei knyte relasjonar til jamnaldra, venner og seinare ein livspartner (Askland & Sataøen, 2014, s. 63).

Med dei indre modellane har barn førestillingar om seg sjølv og av andre. Dersom barnet erfara at pedagogen er lett tilgjengeleg over lenger tid, vil det vere lettare for barnet å forvente og skape tillit til den pedagogen. Samstundes vil barnet vere meir avslappa, fleksibelt og kompetent og det vil bli lettare å utforske andre miljø, fordi barnet veit at den vaksne er der dersom det skulle skje noko. Indre arbeidsmodellar blir danna utifrå korleis samspel med ein viss tilknytingsperson utviklar seg og modellane kan derfor utvikle seg forskjellig. Barnehagen er dermed ein viktig arena og spelar ei stor rolle for å bidra positivt til barn si utvikling. Pedagogen må vere både ein trygg base og ei trygg hamn, og leggje eit godt grunnlag for barnet si utvikling og læring (Broberg et al., 2014, s. 80-82).

3.0 Metode

Vitskapleg metode er framgangsmåtar eller teknikkar for å gje svar på ulike typar forskingsspørsmål, der målet er å få fram informasjon om den «sosiale verkelegheita». Eit anna mål er å få kunnskap om korleis denne informasjonen kan analyserast. Johannesen, Tufte og Christoffersen (2010) referert i Bergsland og Jæger (2014, s. 66) seier at metode dreier seg om å samle inn, analysere og tolke data. Det er to hovudtypar metode, kvalitativ og kvantitativ metode. Desse to metodane er i prinsippet basert på ei ulik forskingslogikk, der skiljet mellom kvalitativ og kvantitativ metode handlar om korleis data blir registrert og analysert (Bergsland & Jæger, 2014, s. 66). Grunngevinga for å velje éin bestemt metode er at ein meina at akkurat den metoden eignar seg best til å belyse den problemstillinga ein har stilt på best mogleg måte (Dalland, 2017, s. 51).

Thagaard (2013) referert i Bergsland og Jæger (2014, s. 66) seier at om ein vel kvalitativ metode vil ein gå meir i djupna og ein legg vekt på betyding, medan kvantitativ metode legg meir vekt på utbreiing og tal. Utbreidde kvalitative metodar som observasjon og intervju er basert på eit subjekt-subjekt forhold mellom forskar og informant, der både forskar og informant påverkar prosessen. Denne metoden gjev meir innsikt i menneskelege uttrykk, anten språklege ytringar eller handling. I motsetning til kvalitative metodar, er kvantitative metodar basert på meir distanse mellom forskar og informant og resultatet blir presentert i form av statistikkar og diagram.

3.1 Val av metode

I oppgåva mi var val av metode enkel med tanke på temaet. Eg valde å bruke kvalitativt forskingsintervju som metode i oppgåva, då eg ynskte å intervju informantane mine for å finne ut av det problemstillinga mi lurar på. Med dette valet tenkte eg at eg ville få meir utav oppgåva mi, då eg får fleire innfallsvinklar frå andre og eg får høyre ulike erfaringar. Å velje denne metoden vil gje meg meir materiale å diskutere funna mine og knyte teori til.

Formålet med eit kvalitativt forskingsintervju er å innhente beskrivingar av intervjupersonen si livsverd, for å kunne fortolke kva betyding den har for den som blir intervjuet. Livsverda blir forstått som intervjupersonen si eiga oppleving av eige liv og han eller hennas forhold til omgivnadane (Dalland, 2017, s. 64).

Sidan eg valde denne metoden, måtte eg lage ein intervjuguide (sjå vedlegg 2) med oversikt over spørsmål eg ynskte å spørje informantane mine. Ein intervjuguide er til for å leie ein gjennom intervjuet og er til hjelp for å hugse det ein skal snakke om (Dalland, 2017, s. 78). Svare ein får utifrå intervjuguiden skal bidra til å belyse problemstillinga (Dalland, 2017, s. 88). Eg brukte litt tid på å finne ut kva eg ville spørje om, då eg tykte det var vanskeleg når eg ikkje hadde ei spesifikk problemstilling. Etter at eg fekk på plass ei litt meir konkret problemstilling; «Kvifor er trygg tilknytning viktig for dei yngste barna i barnehagen?», vart det mykje lettare å tenkje ut spørsmål. Seinare i prosessen valde eg, i samråd med rettleiaren min, å endre problemstilling. Dette var fordi at eg i etterkant av intervjuet såg at informantane mine fortalde mykje om sine eigne erfaringar og korleis dei jobbar med trygg tilknytning i barnehagen. Problemstillinga mi vart til slutt «Kvifor er trygg tilknytning viktig, og korleis jobbar pedagogisk leiar med å fremje dette for dei yngste barna i barnehagen?».

Før eg gjennomførte intervjuet kunne eg velje om eg ville gje ut spørsmåla i førekant eller gje dei til informantane når eg møtte dei. Eg valde å ikkje gje dei ut til informantane mine i førekant, fordi eg tenkte at dette kunne vere nyttig for meg; å få spontane og ærlige svar. Spørsmåla mine var veldig grunnleggjande og generelle, som dei fleste kan svare på.

3.2 Val av informantar

Utvalet av informantane mine var ein prosess som eg tenkte lenge gjennom. Valet mitt falt tre pedagogiske leiarar der alle har ulik erfaring. Dette valet var bevisst frå mi side, då eg tenkte det kunne vere nyttig å få synspunkt frå pedagogar med ulik erfaring.

3.3 Mi førforståing

I løpet av denne utdanninga har eg gjennomført hundre dagar i praksis, og eg vil seie at eg sjølv har forståing for mykje av det informantane mine fortel meg. Som intervjuar må eg derfor vere objektiv og passe på at ikkje mi eiga førforståing vil vere med på å farge svare mine i oppgåva.

3.4 Etiske omsyn

Undervegs i denne prosessen med å skrive ei bacheloroppgåve må ein tenkje over korleis ein behandlar den informasjonen eg hentar inn. Sidan eg har vald å intervju informantar for å få svar på det eg lurar på i forhold til problemstillinga, så må eg tenkje over korleis eg vil gå fram for å sikre at informasjon om informantar ikkje blir publisert.

Oppgåva mi vart meldt inn og godkjend av NSD for låg innhenting av personvern, då eg berre trengde ei underskrift på samtykkeerklæringa og skulle ta lydopptak. I samtykkeerklæringa mi informerte eg om at å stille som informant i denne oppgåva innebar å vere anonym og at ingen personopplysningar ville bli publisert. I tillegg har eg teieplikt om det eg får høyre i intervjuet, og kan ikkje fortelje dette vidare til andre (Dalland, 2017, s. 77). Det var viktig for meg å få fram i samtykkeerklæringa (sjå vedlegg 1) mi at å vere med på dette var frivillig og at informantane kunne når som helst trekke seg i løpet av prosessen. Dette var for å vere sikker på at dei også visste kva dei hadde gått med på og sine rettar.

4.0 Presentasjon av funn

Alle tre informantane mine er utdanna barnehagelærarar, men har ulik erfaring som pedagogisk leiar. To av informantane mine har jobba fleire år i barnehage, medan den tredje har vore pedagogisk leiar på småbarnsavdeling i eit år. Informantane vil i denne oppgåva bli omtalt som informant A, informant B og informant C, då eg ser på det som meir oversikteleg. Problemstillinga mi er «Kvifor er trygg tilknytning viktig, og korleis jobbar pedagogisk leiar med å fremje dette for dei yngste barna i barnehagen?», og eg vil derfor få fram at alle informantane mine jobbar på småbarnsavdeling, då det var det eg følte eg hadde mest nytte av. Det eg har teke med i denne delen av oppgåva er dei svara eg tykkjer er mest relevant i forhold til problemstillinga mi.

4.1 Refleksjon rundt trygg tilknytning

Eg var nysgjerrig på korleis dei sjølve reflekterte rundt trygg tilknytning og kva dette hadde og seie for barnet, dermed var dette eit spørsmål som vart stilt i intervjuet.

Informant A trakk fram viktigeita av primærkontakt for barnet og å skape ein god relasjon med den, før barnet lærer å kjenne andre. Informant A trakk også fram at det er viktig å skape ro rundt barnegruppa og dele den i mindre grupper den første tida.

Informant B tenkjer at tryggleikssirkelen er eit viktig verktøy å bruke når ein skal skape trygg tilknytning med barna og at me er der og gleder oss over barna. Barnet skal utforske på eige hand, men ein må vere eit støttande stillas når dei treng det. Informant C meina at å skape tryggleik i byrjinga legg eit godt grunnlag for at barna skal bli gode seinare i livet. Å skape ei positiv kjensle og spreie glede og humor er viktig for trygg tilknytning.

Det første spørsmålet eg stilte informantane mine var kva dei legg i omgrepet omsorg. Omsorg er eit stort og vidt tema, men det var stor einigheit hos alle tre informantane at det å skape tryggleik og at barna har ein omsorgsperson som er tilgjengeleg er nødvendig. Eine informanten trakk fram tre nøkkelord, nærleik, kjærleik og tryggleik som viktig. To av informantane brukte tryggleikssirkelen aktivt, og nemnte at det er viktig at ein er til stades heile tida og at barna sine behov blir dekkja.

4.2 Den første tida til barnet i barnehagen

I oppgåva mi ynskte eg å ha fokus på den første tida til barna i barnehagen, men ikkje nødvendigvis tilvenningstida. Informant A og Informant B var einige om at det å skape ro og la barnet unngå stress i byrjinga er med på å gjere barna trygge. Samstundes trakk

informant A fram at ein må leggje til rette for at barnet skal bli kjend med primærkontakten. Det er også viktig med foreldrekontakt og at foreldra er trygge. I tillegg til å skape ro, trekk informant B fram at barnet må bruke den tida det treng for å gjere seg kjende, og er einig med informant A om at foreldresamarbeid og å trygge foreldre er viktig. «Viss foreldra er trygge, blir ungane lettare trygge». Noko informant C gjere er å spørje foreldra om kva barnet likar, t.d. traktorar. Dette vil gjere det lettare for den vaksne å finne noko som barnet interessera seg for, og skape ein byrjande relasjon utifrå dette. Informant C trekk også fram viktigheita av at me ser og høyrer barnet.

4.3 Foreldre ved levering

Ovanfor nemnte eg at informantane er opptekne av foreldrekontakt og at dei skal kjenne seg trygge. Å levere frå seg barnet sitt i barnehagen kan vere noko som er heilt nytt for mor eller far. Derfor kan det vere vanskeleg for nokre foreldre å skulle la barnet vere igjen i barnehagen, medan dei reiser på jobb eller heim. For å finne ut korleis foreldra er ved levering, spurte eg informantane mine kva dei legg merke til og om dei legg godt merke til det dersom foreldra kjenner seg utrygge.

Alle tre informantane var veldig einige om at ein merkar det fort på foreldre når dei er utrygge. Informant A trekk fram at ein kan sjå det tydeleg på kroppsspråket, medan informant B seier at nokre tek til tårene fordi det er vanskeleg. Dette er ikkje fordi dei nødvendigvis ikkje stolar på personalet, eller at dei føler at barnet ikkje er trygg i barnehagen, men fordi barnet deira er det kjæraste dei har. Som det kjem fram frå den eine informanten blir barna påverka av foreldra, på same måte som foreldra påverkar barnet. Foreldre vil merke på eit barn om det er utrygt dersom dei t.d. klamrar seg til foreldra. Denne informanten meina derfor at dersom dette oppstår, må ein jobbe med ungen og passe på å dekkje behova deira, samstundes må ein hugse på å trygge foreldra om at ungen har det godt. For at både foreldre og barn skal kjenne seg trygge i barnehagen, er det viktig å møte foreldra halvveges og ha ein god kommunikasjon med foreldra, meina informant C. På avdelinga si let dei ofte foreldra vente i garderoben den første tida, slik at dei høyrer at barnet roar seg ned dersom det har vore lei seg.

4.4 Danne gode relasjonar

For at barn skal kjenne seg trygge i barnehagen treng dei gode relasjonar med dei vaksne. Eg ynskte derfor å finne ut litt om korleis pedagogane jobbar for å skape gode relasjonar mellom barn og vaksne på deira avdeling.

Informant A svarte at dei nyttar fordeling av primærkontakt og gruppedeling for å sikre ro, og at dette kan vere med på å danne gode relasjonar. På denne måten blir alle barna sett og høyrte. Informant B svarte at dei let barna kome til seg i sitt eige tempo. I tillegg trekk informanten fram at samarbeidet med kollegaane ein har kan ha noko å seie for at gode relasjonar oppstår. Det at ein er opne med kvarandre og har forventningar til kvarandre. For at det skal bli gode relasjonar må ein vere der barnet er, t.d. på golvet. Informant C tykkjer det er viktig å vite kva dei andre på avdelinga likar å jobbe med, også fordele arbeidsoppgåver utifrå det. T.d. viss ein tilsett likar å bake, så kan den tilsette ta med seg nokre barn på kjøkkenet. Dette vil vere med på å skape gode relasjonar. Informant C trekk også fram at det å vera leikande og nysgjerrige saman med barna fangar interessa deira, noko som igjen vil vere med på danne gode relasjonar. Rutinar er også viktig, at barna veit kva som skjer til kvar ein tid.

4.5 Kjenneteikn på utrygge barn

Informant A svarar at ein kan sjå veldig fort om eit barn kjenner seg trygg eller utrygg, og trekk fram at dei stille barna kan vere utfordrande. Desse barna er ofte utrygge utan at dei viser det tydeleg, medan dei som gjer meir utav seg lagar meir lydar og seier ifrå om ting. Med dei yngste har informant A erfart at dører som opnar og lukkar seg fangar merksemda til barnet, og at dette kan skape utryggleik. Det var vanskeleg å svare på kvifor, men det kan ha samanheng med at barna trur det er mor eler far som kjem i døra. Andre kjenneteikn er ansiktsuttrykk og kroppsspråk, og dersom barnet treng eit fang å sitje på. Informant A presisera at dette er den første tida i barnehagen, og at ting går seg til etter kvart.

Informant B trekk fram tryggleikssirkelen og at ein kan sjå om eit barn er utrygt ved hjelp av denne. Informant B forklarar at dersom eit barn kjenner seg utrygg vil det vere vanskeleg for dei å gå ut og utforske, altså leike. Det vil då vere tryggast for dei å halde seg på fanget til omsorgspersonen. Eit døme kan vere eit dei piler bort for å finne seg ei leike, så er dei fort tilbake på fanget. I likskap med informant A, meina også informant B at ein kan sjå dei på ansiktsuttrykka deira, og spesielt framtoninga. Ein legg merke til om dei er anspent eller avslappa. Kjenneteikn informant C trekk fram på trygge barn er at dei strekk armene til dei vaksne når dei kjem i barnehagen og vinkar hadet til mamma og pappa. «Ein utrygg unge vil kanskje skrike litt meir og gå litt meir på dørene og slike ting».

5.0 Drøfting

I dette kapittelet vil eg drøfte funna mine opp mot relevant teori som er med på å belyse mi problemstilling «Kvifor er trygg tilknytning viktig, og korleis jobbar pedagogisk leiar med å fremje dette for dei yngste barna i barnehagen?». Då tal viser at fleire byrjar i barnehagen i eitt – til toårsalderen, vil det vere naturleg at mykje av fokuset ligg på barna si første tid og kva som er viktig å tenkje på denne perioden. Utifrå korleis den første delen av problemstillinga er formulert, tek eg utgangspunkt i at trygg tilknytning i barnehagen er viktig. Formålet mitt var dermed å få dei pedagogiske leiarane til å reflektere over kvifor det er viktig og korleis dei jobbar for å skape trygg tilknytning for dei yngste barna.

For å få fram hovudfunna mine ynskjer eg å gå i djupna på nokre stikkord som gjekk igjen i intervjuet. Eg ser på desse stikkorda som viktige å ha med vidare i oppgåva for å belyse problemstillinga mi, men også for å få eit klarare bilete på kva som kan vere nødvendig for at barna skal kjenne seg trygge. Det som gjekk igjen og som eg vil drøfte vidare er tilvenningstida, bruken av primærkontakt, foreldresamarbeid og kor viktig det er med gode relasjonar mellom barn og vaksen.

Gjennom intervjuet mine kom det fram at den nyutdanna pedagogiske leiaren hadde meir faglege grunngevingar enn dei to andre som har meir erfaring i barnehagen. Ein av grunnane til dette kan vere at dei som har jobba lenge i barnehagen er mindre oppdatert på nyare forskning, og det kan vere mange år sidan dei leste teori. For den nyutdanna vil det faglege og teoretiske vere meir friskt i minne. Taus kunnskap er kunnskap som er vanskeleg å beskrive med ord, og for dei med lang erfaring i barnehagen kan dette vere grunnen til at det er vanskeleg å grunngje fagleg kvifor dei gjer ting. For dei kan den jobben dei gjer i barnehagen vere såpass innarbeidd at dei ikkje reflektera i like stor grad som før over sin eigen praksis. Med dette i bakgrunn vil det vere mykje av dei pedagogiske leiarane sine eigne erfaringar med tilknytning som kom fram i intervjuet.

5.1 Tilknytning og omsorg

Barn søker både tryggleik og utforsking, og trygg tilknytning handlar om å balansere desse ulike behova i arbeidet med dei yngste barna (Broberg et al., 2014, s. 7). Det er dette tryggleikssirkelen handlar om, og å jobbe med denne sirkelen vil dermed vere eit viktig hjelpemiddel til dei som jobbar i barnehagen for å få ei forståing av korleis barn opplev tryggleik. Omgrepet til Bowlby, trygg base, blir dermed relevant når ein snakkar om tryggleikssirkelen. Dei vaksne må vere ein trygg base for barnet si utforsking, samstundes

som at dei er ei trygg hamn når barnet vender tilbake. Å vere til stades heile tida og at barna sine behov blir dekkja, vart lagt stor vekt på av informantane mine.

Alle informantane mine var einige om at omsorg er eit vidt tema og at det kan vere vanskeleg å definere det, men at å skape tryggleik og at barna har ein omsorgsperson som er tilgjengeleg er viktig. Dette kan sjåast i samanheng med det rammeplanen seier om omsorg: «omsorg er en forutsetning for barnas trygghet og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærighet» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 19). Omsorg vil dermed vere eit grunnleggjande behov for barna, og heilt elementært for at dei skal kjenne seg trygge og trivast i barnehagen. Nærleik, kjærleik og tryggleik er tre nøkkelord som kom fram under eine intervjuet mitt når det var snakk om omsorg. Dette er tre ord som beskriv veldig godt kva omsorg er og som er nødvendig for alle, i følgje den eine informanten min.

5.2 Tilvenning og primærkontakt

Det barnet opplev den første tida i barnehagen legg eit viktig grunnlag for det vidare opphaldet. Det kom veldig tydeleg fram frå informantane mine at overgangen frå heim til barnehage kan for dei yngste barna opplevast som overveldande, og ein må dermed vere der som ein imøtekommande og støttande vaksen.

I dag veit me at primærkontaktar blir nytta i varierende grad i mange norske barnehagar. Sidan primærkontakten har eit særleg ansvar for enkelte barn på ei avdeling, vil det vere ei føresetnad at det er primærkontakten som bevisst går inn for å etablere god kontakt med barna når dei byrjar i barnehagen. At barnet har ein primærkontakt vil også vere med på å gjere tilvenningsperioden lettare for både barnet og foreldra. Den eine informanten min la stor vekt på viktigheita av primærkontakt for barn, og at det er primærkontakten sitt ansvar å skape ein god relasjon med barnet, før barnet lærer å kjenne andre. Det kjem fram i Drugli (2014, s. 113) der det står at det er større sannsyn for at barnet utviklar ein trygg og god relasjon når den vaksne har éit barn å konsentrere seg om. Når denne relasjonen blir opplevd som trygg for barnet, kan barnet bruke tryggleiken som ein base for å gå ut og utforske miljøet i barnehagen og andre relasjonar.

Som eg sjølv har erfart er det ikkje alle barnehagar som jobbar med den praksisen at dei har primærkontaktar for barna. Som Drugli (2014, s. 113) trakk fram er det større sannsyn for at barnet utviklar ein trygg relasjon med primærkontakten når den berre har eit barn å konsentrere seg om, men dette barnet kan oppleve å vere meir sårbart ved sjukdom og anna fråvær (Brandztæg et al., 2014, s. 101). Dersom primærkontakten er vekke frå

barnehagen ein dag, og barnet ikkje har utvikla trygge relasjonar med andre vaksne i barnehagen, kan barnet oppleve dette som utrygt og kjenne seg rastlause. For barnet vil ein slik situasjon vere utfordrande og barnet kan ha eit høgt nivå av stresshormon inni seg, sjølv om dei ser rolege ut. Nivået av stresshormon i eit barns kropp vil variere frå barn til barn. Stresshormona seier noko om korleis barnet opplev det å vere i barnehagen, om dei opplev barnehagen som trygg eller utrygg. Samstundes er det ofte barn med trygg tilknytning som kan reagere med gråt og sinne når foreldra forlèt dei den første gongen. Broberg (et al., 2014, s. 33) får fram at dette er fordi dei er vandt med ein rask gjenforeining, og når dette ikkje skjer vil nivået av stresshormon auke.

Det som kjem fram frå informantane mine og det dei har erfart er at barn som er utrygge ofte uttrykkjer det gjennom kroppsspråk og ansiktsuttrykk. For den eine informanten kan dei stille barna vera utfordrande då dei ofte kan vere utrygge utan at dei viser det tydeleg. Ein må dermed vere ekstra merksam på dei som er stille og passive, og som unndreg seg trøyst og merksemd, i følge Broberg et al. (2012). Ein anna måte å leggje merke til om eit barn er trygt eller ikkje er å ta i bruk kunnskapen ein har om tryggleik og tryggleikssirkelen. Utifrå sirkelen om tryggleik forklarar den eine informanten min at eit barn som kjenner seg utrygg vil ha vanskeleg for å utforske miljøet, men halde seg på eit trygt fang. Ho viser til eit døme der eit barn piler bort for å finne seg ei leike, for så å kome fort tilbake. Eit anna døme ein av dei andre informantane mine kom med var at eit trygt barn gjerne vil strekke armene til dei vaksne når dei kjem i barnehagen og vinkar hadet til mor og far utan problem.

Noko som kan vere med på å hjelpe barnet den første tida i barnehagen er dersom dei har med seg ting som er viktige for dei, til dømes ein smokk, kosedyr eller sutteklut. Dette kan knytast til undersøkinga til Drugli og Undheim (Drugli, 2014, s. 119) der det kom fram at eit såkalla overgangsobjekt i barnehagen vil kunne gjere tilknytingsprosessen til eit barn lettare. Winnicott (Askland & Sataøen, 2014, s. 61) beskriv overgangsobjekt som eit fenomen der barnet brukar handlingar med sin eigen kropp for å skjerme seg mot dei ytre realitetane, dette kan t.d. vere at dei suttar på fingrane.

I følge Winnicott vil barnet gje bestemte ting «sjel», og objektet vil fungere som ein erstatning. Samstundes kan dei la kjenslene sine eller sinne over at mor og far er vekke, gå utover overgangsobjektet. Den eine informanten fortel at barna vil kjenne seg trygge og dei har noko å knyte seg til når dei har dette objektet tilgjengeleg i byrjinga. Informanten

fortel vidare at dei vil venne barnet frå overgangsobjektet etter kvart dei ser tilknyttinga går seg til og barnet kjenner seg meir trygge. Kor lang tid det tek å venne barnet av eit overgangsobjekt vil variere får barn til barn og er avhengig av mange faktorar. For nokre barn vil overgangsobjektet fungere i nokre få minuttar, medan andre, oftast litt eldre barn, har det med seg heile tida.

Eg har sjølv erfart at barn har med seg overgangsobjekt i barnehagen, men at det ofte er dei vaksne som kontrollera bruken etter kvart som barnet blir meir kjend og trygg i barnehagen. Smokken blir ofte brukt når dei kjem i barnehagen på morgonen og ved sovetid. Eg har også erfart at barn har med seg ein kosebamse som ligg på hylla i gangen, men som dei får bruke når dei skal sove.

5.3 Trygge foreldre gjev trygge barn

Å byrje i barnehagen er ikkje nødvendigvis berre nytt for barnet, men også foreldra. For dei som er førstegongsfødande vil det vere ei ny erfaring å la barnet sitt byrje i barnehagen og gje ansvaret til nokon andre. Som forelder ynskjer ein det beste for barnet sitt og at barnet skal få ein best mogleg start i barnehagen. Det kjem fram i intervju mine at dei pedagogiske leiarane legg stor vekt på å ivareta foreldra den første tida slik at dei skal få ein positiv start. Som Broberg (2014, s. 138) seier, må foreldra vennast til barnehagen minst like mykje som barnet, og at dersom foreldra er trygge vil også barnet kjenne seg trygg. Eine informant min fortel at dei gjerne sender melding eller ringer mor dersom dei ser at ho var litt bekymra ved levering, for å forsikre ho om at barnet har det bra. Dette kan knytast til det Broberg (2014, s. 131) seier om at tilvenning har tre formål. For det første skal det venne barnet til det nye miljøet. Det andre formålet er å gje barnet ein sjanse til å bli godt kjend med minst éin pedagog som kan fungere som ein erstatning den tida dei er i barnehagen. Det tredje formålet er å venne barnet til å klare seg fleire timar i strekk utan foreldra, og i staden nytte seg av pedagogen. Dette er for å setje tilknytningssystemet i kvilemodus og for at barnet skal kunne engasjere seg i lek og utforsking.

På den andre sida er det foreldre som ikkje kjenner seg trygge og tykkjer det er ubehageleg og kjenslemessig vanskeleg å skulle levere barnet sitt i barnehagen. Som eg la merke til gjennom intervju mine var det stor einigheit blant informantane at ein merkar det fort på foreldre dersom dei er utrygge ved levering. Dette kan ein blant anna sjå på kroppsspråket. At foreldre opplev å levere frå seg barnet sitt som vanskeleg er ikkje nødvendigvis fordi dei ikkje stolar på personalet, men fordi barnet er det kjæraste dei har. Samstundes er det

uvandt for foreldre at barnet deira ikkje skal vere heime med dei like mykje lenger. Det som kan skje er at barnet kjenner seg utrygge fordi mora uttrykkjer usikkerheit. Mykje av utryggleiken som barna kjenner på i barnehagen kan kome av at foreldra opplev det som vanskeleg, eller at barnet har ein utrygg relasjon til foreldra. Det er ikkje sikkert barnet er utrygg i utgangspunktet, men barn vil fort merke på kroppsspråket og måten foreldra oppfører seg på, at dei kan kjenne seg utrygge. «Viss foreldra er trygge, blir ungane lettare trygge. Viss mor er veldig utrygg smittar det over på ungen. Få dei trygge i lag» - Informant B.

Som nemnt legg informantane mine stor vekt på å vere imøtekommande med foreldra og sikre barnet ein god start i barnehagen. Samarbeid mellom personalet og foreldre frå byrjinga av er viktig for trivselen til barnet og kan også vere ein faktor til at foreldra kjenner seg meir trygge på å la barnet sitt vere i barnehagen. Foreldresamarbeid er eit omgrep som gjekk igjen fleire gonger i løpet av dei intervjuja eg hadde og det viser tydeleg at dette er ein måte informantane mine jobbar på for at barn skal kjenne seg trygge i barnehagen. Eine informant min seier «[...] må ein leggje til rette for at det skal bli kjent med primærkontakten og få ein god relasjon til den. Då og blir det viktig med foreldrekontakten. At barnet ser at primærkontakten har ein god relasjon med foreldra» - Informant A.

5.4 Danne gode relasjonar

Ein føresetnad for at dei yngste barna i barnehagen kjenner på trygg tilknytning i relasjon med vaksne er at dei vaksne brukar tid på, og prioritera å danne gode relasjonar med barna. Relasjon og samspel med vaksne i barnehagen har større betydning for eit barn dersom den vaksne blir opplevd som trygg. Drugli (2014, s. 84) seier at det vil dermed vere viktig for barna at dei møter vaksne som er villige til å danne gode relasjonar med dei.

Ifølgje den eine informant min er det viktig å skjerme barna for å unngå stress, men at ein samstundes skal leggje til rette for at barnet skal bli kjend med primærkontakten sin og miljøet i barnehagen. Dermed vil fordeling av primærkontakt og å dele inn barna i mindre grupper for å sikre ro vere med på å danne gode relasjonar blant personalet og barna. Å jobbe på denne måten vil gjere det enklare for kvar av dei vaksne å sjå barna sine behov, og med gruppedeling vil alle barna bli sett og høyrte.

Barn er forskjellige og tek ting i ulikt tempo, derfor vil det vere varierende kor lang tid eit barn treng for å bli kjend i barnehagen. Dette ser ein i Drugli (2014, s. 118) der det kjem

fram at barn bør ha mest mogleg ro i barnehagen den første perioden, då det er mange nye inntrykk som barnet tek innover seg. Samstundes skal dei bli kjende med nye menneske og nærmiljøet. Det vil også vere gunstig med korte dagar i byrjinga, for at eit barn skal venne seg til den nye kvardagen i barnehagen. Dette er i samsvar med det den eine informanten min uttrykkjer. Ho fortel at dei ynskjer at barnet har korte dagar i barnehagen den første tida og at foreldra er med og blir kjende med barnehagen litt etter litt.

5.5 Oppsummering av drøfting

For å sjå på om eg har svart på problemstillinga mi som er «Kvifor er trygg tilknytning viktig, og korleis jobbar pedagogisk leiar med dette for dei yngste barna i barnehagen?», vil eg oppsummera med at trygg tilknytning er viktig for dei yngste på sikt. Korleis dei ulike pedagogiske leiarane jobbar for å gje barna trygg tilknytning og kva dei legg vekt på i arbeidet med tilknytning var litt forskjellig frå person til person, men samstundes var dei einige om mykje. At barnet har ein primærkontakt kan vere tryggande og er ein fordel den første tida i barnehagen, då barnet har ein spesifikk person å forhalda seg til. Vidare er det viktig med eit godt samarbeid mellom personalet og foreldre. Foreldresamarbeid legg eit godt grunnlag for trivselen til barnet, slik at barnet lettare kan kome i gode relasjonar med primærkontakt og resten av personalet. For at dette skal fungere er ein avhengig av at begge partar gjev ein innsats og tenkjer på barna sitt beste. Samstundes blir barn påverka av åtferda til foreldra, og ein må dermed hugse på å ivareta foreldre. Det er ein fordel at foreldre er trygge på barnehagen og personalet, då dette vil gjere barnet meir trygg og utforskande i det nye miljøet.

6.0 Avslutning

I oppgåva mi har eg teke føre meg problemstillinga «*Kvifor er trygg tilknytning viktig, og korleis jobbar pedagogisk leiar for å fremje dette med dei yngste barna i barnehagen?*». Med denne problemstillinga legg eg allereie til grunn at trygg tilknytning er viktig, men formålet med denne problemstillinga var å få informantane til å reflektere over kvifor det er viktig. Samstundes ynskte eg å finne ut korleis dei pedagogiske leiarane jobbar for at dei yngste barna skal kjenne seg trygge den første tida deira i barnehagen. Gjennom å intervju tre pedagogiske leiarar med ulik erfaring fekk eg eit innblikk i korleis dei tenkjer og korleis dei jobbar i praksis.

Ved bruk av relevant teori kunne eg samanlikne den teorien eg hadde funne med det informantane mine svarde på spørsmåla i intervjuet. Det blei då enklare for meg å finne og sjå samanheng mellom teori og det som skjer i praksis, og det gav meg meir stoff å jobbe med vidare i oppgåva. Denne oppgåva har dermed vore svært lærerik og eg har fått mykje meir kunnskap om tilknytning og omsorg i barnehagen, samt kor viktig trygg tilknytning har å seie for barnet seinare i livet. Dei som jobbar i barnehagen har ein viktig jobb med å leggje til rette for at dei yngste barna opplev og erfara omsorg og tilknytning som noko positivt og nødvendig frå tidleg av, då dette har noko å seie for danning av relasjonar seinare.

I ei bacheloroppgåve er det avgrensa kor mange ord me kan skrive, og det har derfor vore utfordrande å velje ut det som eg tykkjer er mest relevant for mi oppgåve og det temaet eg valde å skrive om. Samstundes som ein jobbar med å finne relevant teori, skal ein tenkje over problemstillinga ein har vald seg ut og om teorien samsvara med denne. Før eg byrja på oppgåva såg eg føre meg at det kom til å bli vanskeleg å finne så mykje teori, men eg oppdaga etter kvart at dette absolutt ikkje var eit problem. Tvert imot finst det mykje spanande teori og forskning som er relevant og eg finn stadig noko nytt eg kunne tenkt meg å ta med, men som det ikkje er plass til.

Eg håpar med denne oppgåva å gjere folk meir bevisst på at trygg tilknytning er viktig for dei yngste barna, og at dei treng omsorgspersonar som ser behova deira og som hjelper barna med å dekkje dei.

7.0 Litteraturliste

- Askland, L. & Sataøen, S.O. (2014) *Utviklingspsykologiske perspektiv på barn oppvekst*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Bergsland, M. D. (Red.) & Jæger, H. (2014) *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. Oslo: Cappelen Damm
- Brandtzæg, I., Torsteinson, S. & Øiestad, G. (2014) *Se barnet innenfra: hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget
- Broberg, M., Hagström, B. & Broberg A. (2014). *Tilknytning i barnehagen: hva betyr trygghet for lek og læring?* Oslo: Cappelen Damm AS
- Broberg, M. (2018). Betydningen av tilvenning og trygghet for de yngste barna i barnehagen. I I.P. Samuelsson, & J. Agneta, *Barnehagens yngste barn: perspektiver på omsorg, læring og lek*. Bergen: Fagbokforlaget
- Dalland, O. (2017) *Metode og oppgaveskriving* (6. utg) Oslo: Gyldendal Akademisk
- Drugli, M. (2014). *Liten i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm AS
- Glaser, V. (2018) *Foreldresamarbeid: barnehagen i et mangfoldig samfunn*. (2. utg). Oslo: Universitetsforlaget
- Løkken, G. (1996) *Når små barn møtes*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag
- Samuelsson, I. P. & Jonsson, A. (Red.). (2018). *Barnehagens yngste barn: Perspektiv på omsorg, læring og lek*. Bergen: Fagbokforlaget
- Statistisk sentralbyrå (2016) *Barnehager*. Henta frå: <https://www.ssb.no/barnehager>, lasta ned 14.05.2019
- Tholin, K. R. (2013). *Omsorg i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget
- Utdanningsdirektoratet (2017) *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta frå: <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf> , lasta ned 14.05.19

Vedlegg 1: Samtykkeerklæring

Samtykkeerklæring

Eg går siste året på barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og er i gang med å skrive bacheloroppgåve. Tema i oppgåva mi er omsorg i barnehagen, der eg har fokus på dei yngste barna. Eg er dermed ute etter nokon som kunne tenkje seg å stille som informant i oppgåva gjennom eit intervju der eg stiller nokre spørsmål om dette temaet.

Som informant vil du bli anonymisert i oppgåva og lydopptak vil bli sletta når oppgåva er levert. Deltakinga er frivillig, og du kan trekkje deg når som helst dersom du ynskjer det.

Har du spørsmål, må du gjerne kontakte meg på telefon eller e-post:

(Informant, dato)

Vedlegg 2: Intervjuguide

Problemstilling: «Kvifor er trygg tilknytning viktig for dei yngste barna i barnehagen?»

- 1) Kva legg du i omgrepet omsorg?
- 2) Korleis reflektera du rundt trygg tilknytning i barnehagen?
- 3) Kva vil du seie er det viktigaste å ta omsyn til den første tida til eit barn (i bhg)?
- 4) Korleis jobbar de for å danne gode relasjonar mellom barn og vaksne på denne avdelinga?
- 5) Korleis møter de dei yngste barna på morgonen?
 - Korleis er foreldra ved levering?
- 6) Korleis kan ein sjå/merke på barna om dei er trygge?